



Tekst & musikk

**FREDDIE
LANGRIND**

STEIN PÅ STEIN

*Eg fasinerast av gamle steingjerder
og -tufter. Det er noko tidlaust over dei.*

*Min tanke er at Hallstein syng denne visa
i scene 2, eit møte mellom han og Otte*

Gamle murar har sine soger,
dåd og vilje ligg stein på stein.
Tidas kappe av lav og mose
fargeskiftast i sol og regn.
Trygg og fredfull i alle dagar,
ingen spurde og ingen bad.
Slike teikn på ævelengda
treng ein ikkje la tida ta.

Desse tufter har bore folket,
seklers tyngd og dei harde tak,
vilter langleik av barneføter,
glade spel i den gode sak!
Garden stend der i same standet,
bygd og bøtt, slik dei gamle* sa.
Slike teikn på ævelengda
treng ein ikkje la tida ta.

Her er sveitte og blod og tårer,
vett og vake og syn og segn.
Gamle murar har sine soger,
dåd og vilje ligg stein på stein,
ofte slike vi ikkje ensar,
ofte ser vi ein annan stad.
Slike teikn på ævelengda
treng ein ikkje la tida ta.

* Ivar Aasens ord i «Gamle Noreg»